# Jondal kommune

– fjord – fjell – fonn –

Ordføraren

Jondal kommune
5627 JONDAL
Tlf. 53 66 95 00
Faks 53 66 95 10
e-post post@jondal.kommune.no
www.jondal.kommune.no
Org.nr 944 439 927
Bank 3450.07.08206
Sakshandsamar:
E-post jon.larsgard@jondal.kommune.no
Tlf. 53 66 95 02

Hordaland Fylkeskommune
PB 7900
5020 BERGEN

| *Dykkar ref.* | *Vår ref.* | *Arkiv:* | *Dato* |
|---|---|---|---|
| *2017/16134-1* | *12/243-10 /JOL/17/4468* | *N - 561* | *13.11.2017* |

**Innspel til høyringsfråsegn frå fylkeskommunen til handlingsprogrammet 2018-23 til Nasjonal transportplan**

Viser til Dykker brev av 10. oktober 2017.

Jondal kommune vi peika på kor viktig utviklinga av E134 er for det området vi tilhøyer. Vi er glade for den posisjonen denne vegen har fått som det eine hovudalternativet blant stamvegane aust-vest. Men vi saknar at denne statusen viser att i prioriteringane i NTP på vestsida av fjellovergangen.

<u>Utbygging Seljestad-Røldal-Vågsli</u>.
Det er positivt at Stortinget har opna for oppstart av E134 Seljestad-Røldal med bompengeandelen i første 6-årsperiode av NTP 2018-2029. Det vert no teke sikte på at arbeidet med bompengeutgreiing for heile fjellovergangen (Seljestad-Vågsli) kan starta rundt årsskiftet 2017/18, og at det blir fremja ein samla bompengeproposisjon. Ei framskunding av bompengeinnkrevjinga, vil og gjera det mogeleg å framskunda oppstart av bygging av tunnel på strekninga Seljestad - Røldal. Målsetjinga må vera oppstart av byggearbeidet i 2021.

<u>Planlegging Saggrenda-Vågsli.</u>
På austsida av fjellet vil vi peika på trongen for planmidlar til arbeidet med fortsatt å korta inn reisetida på denne strekninga.

E134 Saggrenda-Elgsjø har byggestart i 2024-2029. Det må vidare sikrast midlar til kommunedelplan for E134 Saggrenda-Vågsli i tråd med KVU/KS1 for Saggrenda-Gvammen og KVU/KS1 for Gvammen-Vågsli, slik at heile strekninga blir utvikla under eitt. Vi forventar at dette blir innarbeidd i handlingsprogrammet og at planarbeidet kan starta alt i 2018. Strekninga Gvammen-Vågsli i ny og innkorta korridor må snarast få eit positivt vedtak i regjeringa i samsvar med tilrådinga i KVU/KS1.

Utgreiing av arm til Bergen frå E134.
Det store samfunnsøkonomiske potensialet som ligg i å utvikle eit raskare vegsamband aust-vest over Haukeli er grundig dokumentert i aust-vestutgreiinga og seinare i rapportane om KVU og KS1 for Gol-Voss og for Gvammen-Vågsli. Vi tar opp att tidlegare ynskje/krav om at dei ulike korridor-alternativa for arm til Bergen frå E134 snarast blir analysert gjennom ein KVU, slik det blei tilrådd av Statens Vegvesen i aust-vestutgreiinga.

Med helsing

Jon Larsgard
ordførar